

Juleavslutning for turngruppa.

28.11.2007



Juleavslutning 3 til 6 år

Så var den årlege avslutninga for turngruppa unnagjort. Onsdag ettermiddag vart hallen full i smånissar, karate kids, vaksne trimmarar, og familien deiras. Fyrst på agendaen var det oppvisning. Smånissane laga ein stor ring og song og gjorde bevegeler. Etterpå fann Janne fram fallskjermen, og når vi heva denne skulle gutane springa under, og etterpå jentene. Vi laga og hus med den, der alle skulle setja seg under. Det var nokre flinke smånissar som såg ut til å kosa seg under oppvisninga.



Juleavslutning 3 til 6 år

Så var det idrettsskulen sin tur. Etter musikk frå filmen Rocky, "eye of the tiger" kom ungane som går i 1-4 kl, på rekka ut. Dei hadde kledd seg i kvite kle m belte på og såg skikkelig tøffe ut. Dei gjorde karate slag som dei hadde lært av Kate Wallentinzen i haust.

Etterpå stod dei på rekke og skulle senda ball til kvarandre. Så stupte alle hovudkråke, slo hjul og stod på hovudet. Det var mykje flott turn å sjå! Dei avslutta med å stilla opp. 3. og 4. kl. bak, 1. og 2. kl framme, og så kom Anine og Catrine og gjekk i spagat. Flott framføring!



Bra frammøte

Janne Hjelmeland fortalte om Gymstick, og oppfordrar folk til å komma å prøva. Treninga passar for alle.



Endeleg kom nissen

Etter oppvisninga var det kaffi, kaker og loddsalg. Det såg ut som om folk koste seg og dei kjøpte mykje lodd. Vi vil takka Elin Enes for dei flotte pyntegevinstane og Br. Hjønnevåg for flott fisk.

Så var høgdepunktet for mange kome. Nissen var på vei! Vi samla alle ungane på golvet og alle var enige om at vi skulle synga for han. Ungane stemte i og vi song: På låven sitter nissen...Og nissen kom, og han vart omringa av ein ivrig barneflokk. Han fekk seg ein klem og to før han gjekk og.

Det vart ei koselig førjuls-samankomst, og turngruppa vil takka alle som hjelpte til med arrangementet! Takk og for eit flott trim halvår. Dei vaksne trimmarane fortsetter nok litt til. Mens resten møtes igjen på nyåret.

NB! Husk å besøka turngruppa sin julebutikk i gamle bakeriet på julemarknaden på fredag! Der sel vi julekjeks, julepynt og varm sjokolade.

Turngruppa har og tatt ansvar for å selja kort som barnehagebarna har laga. (Til inntekt for barnehagen)

Mvh Turngruppa v/Hege Lekva.

Foto: Trond Lekva Myklebust